



JØLSTER KOMMUNE

Næring og miljø

Det kongelige miljøverndepartement
Pb 8013 Dep
0030 OSLO

13.12.2010

Vår ref
FOM 09/217 - 16

Dykkar ref

Arkiv
020

Løpenummer
10/4738

Høyring – endring av § 9 i Rovviltforskriften

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jølster kommune ved Utval for Plan og Utvikling viser til saksutgreiinga over som uttale til Miljøverndepartementet sitt framlegg til endring i rovviltforskriftens – Godtgjersle for forsøk på skadefelling av rovvilt.

Handsaming i Utval for Plan og Utvikling 08.12.2010:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

UPU-086/10 Vedtak:

Jølster kommune ved Utval for Plan og Utvikling viser til saksutgreiinga over som uttale til Miljøverndepartementet sitt framlegg til endring i rovviltforskriftens – Godtgjersle for forsøk på skadefelling av rovvilt.

.....
Med helsing

Finn Olav Myhren

Finn Olav Myhren
Naturforvaltar
57726121

Telefon:
57 72 61 00
6843 SKEI

Telefaks:
57 72 61 01
postmottak@jolster.kommune.no

Bankgiro, skatt
6345.06.14310

Bankgiro:
3703.07.00024
www.jolster.kommune.no

Organisasjonsnr:
963 923 600

Jølster kommune

Saksutgreiing

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Utval for Plan og Utvikling	07.12.2010		FOM

Sakshandsamar: Oddmund Klakegg	Arkiv: FE-020	Arkivsaknr 09/217
-----------------------------------	------------------	----------------------

Høyring -endring av §9 i Rovviltforskriften

Vedlegg:

- Endring i rovviltforskriften – godtgjøringsordning for forsøk på skadefelling av rovvilt. Det kongelige Miljøverndepartement. Dagsett 03.11.2010

Saksutgreiing:

Miljøverndepartementet (MD) har sendt ut framlegg om endring av § 9 i FOR 18.03.2005 nr 242 Om forvaltning av rovvilt (rovviltforskriften). Bakgrunnen for framlegget er at det offentleges praktiske og økonomiske ansvar for skadefelling skal forsterkast og klargjerast, med sikte at fleire av skadefellingsforsøk skal lukkast. Frist for uttale er sett til 15.desember 2010.

Bakgrunn:

MD fastsette i 2008 midlertidig forskrift om godtgjering til skadefellingsforsøk på rovvilt. I denne ordninga kunne ein få dekt arbeidet med fellingsforsøk på to måtar. Anten ved å dokumentere tapt arbeidsforteneste eller ved ein timessats på 150kr/t. Kompensasjonen gjaldt ikkje for første veke av eit fellingsforsøk. MD kom til at denne ordninga var for innvikla og at ein måtte sjå på andre måtar å dekkje slikt arbeid på.

Det blei sett ned ei arbeidsgruppe leda av Sigbjørn Johnsen (tidl Fylkesmann i Hedmark) som skulle sjå på tiltak for å effektivisere forsøk på skadefelling i Hedmark. Ein del av konklusjonen var at gruppa såg eit stort behov for ei ordning som godgjorde arbeidet med fellingsforsøk.

Situasjonen i Sogn og Fjordane:

Det er oppretta eit fylkesdekkande fellingslag for store rovdyr i Sogn og Fjordane. Laget har 25 fast medlemmar og er eigd og drifta av Sogn og Fjordane skogeigarlag BA. Laget tek på seg oppdrag med felling av skadegjerande rovvilt det er gitt fellingsløyve på, og utfører oppdrag på vegen av innehavar av fellingsløyve. Arbeidet med laget starta i 2006 og det vart formelt skipa i 2010. I 2008 gjennomførte utmarksavdelinga til Skogeigarlaget fellingsforsøk med positivt resultat på ein skadegjerande bjørn i Sunnfjord og Sogn. Dette var eit resultat av arbeide med fellingslag dei to føregåande åra. Etter skipinga i 2010 har laget gjennomført fellingsforsøk på ein bjørn (Lærdal ultimo Juni) og ein jerv (Jostedalen Juli- August).

Laget har fått midlar til oppstart og drift frå Fylkesmannens Landbruksavdeling og Fylkesmannens Miljøvernnavdeling.

Om høyringsframlegget:

I høyringsdokumentet legg MD tilgrunn at framlegget skal fungere som eit insentiv til auka innsats ei dei første delane av skadefellingsforsøk. Og framlegget til ny § 9a (Godtgjersle ved fellingsforsøk) er sett opp under.

§ 9a. Godtgjøring ved fellingsforsøk

Der fellingforsøk etter § 9 utføres av kommunalt/interkommunalt oppnevnt fellingslag kan kommunen utbetale godtgjøring til fellingslaget for den tid som er benyttet til fellingsforsøk. Deltakere som mottar godtgjøring etter ordningen må være registrerte lisensjegere, jf. § 15. Utbetalingsa skjer på grunnlag av satser fastsatt ((i Stortingets årlige budsjettvedtak) (av Miljøverndepartementet) (av Direktoratet for Naturforvaltning)) samt rapport fra fellingsleder om fellingsforsøk og antall døgn som er benyttet. Utbetalingen må ikke overskride de rammer som fremgår av fylkesmannens vedtak om felling. Fylkesmannen yter etter søknad tilskudd til kommunen til dekking av godtgjøring utbetalt etter vilkårene over. Bestemmelsen gjelder med tilbakevirkende kraft fra og med 1. Juni. 2010.

MD kommenterer vidare at det er hensiktsmessig å legge tilgrunn ein dagsats på 1000Kr/dg i tillegg til å dekkje utgifter til bom, køyring og diverse.

Kommentar til høyringsframlegget:

Jølster kommune meinar at det er på tide med ei klargjering av dette og er slik sett nøgde med at dette nå kjem på bana. Jølster kommune vil likevel stille seg kritiske til den korte høyringsfristen, og er usikre på om dette fører til ei god høyringsrunde. I slike saker er det naudsynt med inkluderande og breie prosessar for å sikre at viktige synspunkt kjem fram.

Andre synspunkt på høyringsframlegget er sett opp under:

1. Det er positivt at arbeidet med fellingsforsøk skal godtgjerast frå første dag. Det leggast opp til ein sats per dag på 1000 kr. Det ville vore meir logisk med ein timessats. På denne måten kan ein sikre at medgått tid vert godtgjort på ein rettferdig og oversiktleg måte. Om det vert vedteke at ein skal legge til grunn ein sats per dag, meiner Jølster kommune at 1000 kr/dg er for lite. Medlem i fellingslag må i dei fleste samanhenger kjøpe seg fri frå jobb, og då vert dette ikkje ein motivasjon til auka innsats sidan då mykje av arbeide vert dekt av eigen lomme. Det vil då vere vanskeleg å motivere til effektive skadefellingsforsøk.
2. Det leggast til grunn at Fylkesmannen skal lage ein budsjetttramme for kvart fellingsforsøk. Det er vanskeleg å forstå at ein på førehand skal kunne sei kor mykje tid som går med til kvart fellingsforsøk. Ein har forståing for at innsats og bruk av midlar bør styrast, men dette kan gjerast på andre måtar enn det som er lagt fram her. Ved å til dømes stille krav til kompetanse og organisering i fellingslaga kan fellingslaget vere meir kompetent til å gjennom fellingsforsøket avtale resursbruk med Fylkesmannen løpende.
3. Det leggast vidare opp til at kommunane skal inn som søker om tilskot frå fylkesmannen med bakgrunn i rapport frå fellingsleiar. I Sogn og Fjordane er det oppretta eit fylkesdekkande fellingslag som er eigd og drifta av Sogn og Fjordane Skogeigarlag BA. I Sogn og Fjordane har det vore vanleg at det er beite- og sankelaga som har stått som eigarar av fellingsvedtaka. Dei siste to åra har arbeide med fellingsforsøk blitt sett bort til det fylkesdekkande fellingslaget. Det vil difor vere naturleg å kome med framlegg om at ansvarleg for fellingslaget søker om midlar i staden for at det skal vere låst til kommunane.

Oppsummering:

Det er positivt at ordninga med godtgjersle ved fellingsforsøk vert teke tak, men Jølster kommune er usikre på om vedlagt framlegg til ordlyd i § 9a er godt nok til å effektivisere fellingsforsøk av skadegjerande rovvilt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jølster kommune ved Utval for Plan og Utvikling viser til saksutgreiinga over som uttale til Miljøverndepartementet sitt framlegg til endring i rovviltforskriftens – Godtgjersle for forsøk på skadefelling av rovvilt.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
12	I	03.11.2010	Miljøverndepartementet	Endringer i rovviltforskriften - godtgjøringsordning for forsøk på skadefelling av rovvilt